

Nr. 2-2012, årgang 47.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



Kviteseid barnegospel syng i Vrådal kyrkje
Det har vore dåp. Åsbjørg Hægeland dirigerer. Sindre Løvik står for altaret.

Side 4: Hilsen frå prostidiakon Eiliv Erikstein.
Side 8: Les intervju med Åsbjørg Hægeland.



Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid - 2660 10 30615

Aktuelle adresser:

Kyrjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid
E-post:
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Geir Valle
Sokneprest i Kviteseid og Brunkeberg
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 97 15 04 27
Bustad tlf. 35 05 51 75
E-post: ge-vall@online.no

Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
E-post: marturia@hotmail.com

Olav Nordskog
Fung, kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48

Werner Thorkildsen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar


Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48

Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80

Om bladet

Framsidedfoto: Kjell Arne Norum
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen
Utforming: Niklas og Marcus Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Bidragstytarar i dette nummer: Kjell Arne
Norum, Eiliv Erikstein, Hallvard Nordbø
Jørgensen, Geir Valle, Jan Haugen.



Menneskeverd. Skapt og eLSka!

Når eit menneske blir til, seier ikkje Gud: "Uff, det var tabbe". Han seier: "Så flott – ein till!"

Slik kan vi alle tenkje om vårt verd som menneske. Slik skal vi òg tenkje om andre.

Det er fint å tenkje på at vi er skapte. Vi er ikkje til berre på slump. Det er ein Gud som har gjeve oss livet. Vi er villa av han. Han har gitt oss eit verd i fødselsgåve. Det er noko som ingen kan ta frå oss. Det gjeld kongen på slottet, arbeidaren i maskinhallen, forbrytaren i fengselcella og skuleeleven i klasserommet. Det gjeld barnet i mors liv og oldingen som ikkje lenger kan tenkje og tale. Liksom sølvsmykket får eit merke av den som lager det, ber vi eit merke frå Skaparen. Det garanterer vårt verd som menneske.

Fint er det òg å tenkje på at vi er elska. Når Bibelen skal sammenfattast, kan det gjerast slik: "For så har Gud elska

verda at han gav Son sin, den einborne." Sterkare kan det ikkje seiast. Guds Son er Gud sjølv som kom til oss og ga alt. Kvar og ein av oss har ein stor plass i Guds hjarte. Vi er kalla til å vere hos han. Det er ein god ting!

Kvar skulle vi hente vårt verd frå, om ikkje frå Gud? Kva blir målestokken vår dersom vi ikkje har Han? Vi blir så sårbare om vi blir avhengige av kva dei andre synest om oss.

Den som betre enn nokon kan fortelje oss om vårt verd, er barnet i mors liv. Det ligg i mørke, utan namn, utan penger, utan prestasjonar, utan posisjon i samfunnet. Det har ikkje noko av alt det vi så lett knyter vårt verd til. Men dette barnet er skapt av Gud og elska av han. Skapt og elska. Der ligg vårt verd.

Kjell Arne Norum

KYRIE ELEISON

*I alt to gonger har vi sett han, Den Oppstandne
Ein gong kom han ridande på asenfolen.
Utanfor tid og stad såg vi han, over mosaikkane, opp skipet,
Over døypefontane og nattverdborda kom Han
Den andre gongen rei han også på eit asen, midt i tida
Gråtande, opp frå rønner opp frå krater og fangehol
Spurde etter vatn, brød, omsorg, varme, fred*

To gonger har vi altså sett Han, Den oppstandne.

(Oskar Stein Bjørlykke)

Det er etter kvart vorte nokre pilegrimsvandringar til Røldal. Det fine med denne vandringa er høve til å tenke frie og store tankar. I Austmannlia er eg attende i dei grøne liene ved Atilan-sjøen i Guatemala.

Guatemala er eit vakkert land med flotte folk. Men òg store problem. Ikkje minst politisk. Maktstrukturane held rikdomen hjå nokre få. For nokre år sidan var eg med Kirkens Nødhjelp til landet.

Landet har ingen lang demokratisk tradisjon. Frå 1960-åra og midt på nittitalet var det eit hardt militærregime som rådde. Landet lei under ein brutal borgarkrig. Ein straffemetode mot geriljaen var å ha fangane i store nett under helikopter, og sleppe dei opp i ein vulkan.

I 1996 kom det ein fredsavtale på plass. Mykje takka vera norsk diplomati, der

diakon Petter Skauen frå Kirkens Nødhjelp var ein viktig mann.

Ofte vart fredsforhandlingane halde i Oslo. Midt på natta var det ein av dei militære som vekte diakonen, han måtte få tak i ein prest med ein gong. Ein baptistpastor hoppa i kleda, og kom med ein gong. Slik at obersten sanne syndene sine, før han kunne forhandle vidare. Historia fortel at det tok ei god beite.

Godt at det fins stader å legge frå seg syndene. Som i Domkyrkja i St. Martin, ein liten by nord i Guatemala. Kyrkja vart øydelagt under borgarkrigen, og stod mange år utan tak. I dag er ho i full bruk, men mykje av inventaret er skadd.

Ved sida av altaret hang den krossfeste Kristus. Ein av dei ting som vart berga ut av kyrkja. Ein oppskrapa og mishandla Kristus. Kristus som har

vore gjennom helvete.

Eine handa og begge beina kutta av.
Kristus for dei lidande og fattige. For
dei valdtekte og mishandla. Dei slitne?
For meg?

Eg kan framleis lukke augo og sjå
denne såra Kristus. Falde hendene
mine, senke blikket og be om nåde. Så
glir det sveittane Røldals krusifikset og
den mishandla Kristus frå St. Martin
over i kvarandre.

Kanskje er det som gjer oss verkelege
frisk og helbreda, å få legge av oss
syndene hjå den oppstadne Kristus?
Han som gjekk gjennom døden for oss
– for meg og alle. Det er verdt ein fest
med brød og vin.

Eilev Erikstein, prostidiakon



Foto: Kjell Arne Norum

Symbol i kyrkjene

Takmaleriet i Brunkeberg

Dette store biletet av Jesus er godt synleg i Brunkeberg kyrkje, men likevel er det mange som ikkje har sett det skikkeleg. Det er nemleg rett over oss, i taket. Han har løfta hendene til velsigning. Rundt han er det mange menneske som ser opp mot han. Dessutan ser vi skyer og lyn, og vi ser fire englar. Englane blæs i horn og

trompetar til Guds ære. Det er den levande, oppstadne Jesus vi ser. Han er Guds Son, den gode himmelkongen. Kanskje meininga er å vise oss korleis Jesus kjem att – at han kjem synleg attende til oss. Han kjem for å dømme levande og døde og for å opprette fred og rettferd på ein nyskapt jord.

KANO



Konfirmantbilette

Fremste rekkje: Marthe Magnushommen, Ida Lofthus Lundeberg, Hanne Hovden
2. rekkje: Ingunn Dokken, Sigrid Sørkås, Mari Sagrusten, Aslaug Merete Gjersund
Wrålsen Evja, sokneprest Hallvard Nordbø Jørgensen.

3. rekkje: Sokneprest Geir Valle, sokneprest em. Kjell Arne Norum, Atle Stensrud,
Draugedalen Skogheim, Kristian Strømsvik.

4. rekkje: Olav Råmunddal, Sondre Lundevall, Lars Erik Aabø Magnushommen,



Jansen, Åste Havnen Skori, Martine Wisland, Ragnhild Sollid Haugen.
Aasheim, Lena Haugestøl Høibø, Astrid Grave Aase, Ingrid Lundeberg, Anne Lise
Mikkel Haugen, Kjetil Jakobsen Åsland, Halvor Vadder, Espen Hauglid, Reidar
Morten Strømstad, Morten Hovden Aabø, Mathias Verstod, Espen Torjus Nordbø.



Med born som hjartesak

Åsbjørg Hægeland har tre born sjølv – jenter alle tre. Agnes Marie er 7 ½, Solfrid er 5 ½ og Josefine kom for 11 månader sidan. Åsbjørg har òg hatt mykje med born å gjere i ulike former for kyrkjelydsarbeid. Vi tek ein tur heim til henne, øvst i Torshaugvegen i Kviteseid, ein vakker vårdag i mai.

Kan du seie nokre ord om oppveksten din?

Eg voks opp i Hægebostad, ei av dei indre bygdene på Sørlandet. Det var mykje kristen aktivitet for born og ungdom i bygda, og både eg og dei aller fleste andre var med. Det var sundagsskule og snekkargjeng, yngres og ungdomskor og meir til. Etter vidaregåande drog eg til Tromsø og gjekk eit år på bibelskule. Sidan vart eg med i eit årsteam som dreiv med arbeid for born og ungdom i heile Nord-Noreg. Då var eg klar for lærarskulen i

Kristiansand. Etter fire år der fekk eg ein førespurnad om å kome som lærar til Kvitsund. Det var i år 2000, og her har eg vore sidan.

På Kvitsund oppstod det søt musikk?

Ja, der traff eg Oddvar, og vi gifta oss i 2002.

Og snart var du i gang med arbeid blant borna att.

Ja, fyrst vart eg med som leiar i Yngres i Fjågesund. Det var kjekt, men til slutt var det berre tre born att i målgruppa, så det vart lagt ned. No er det fleire born i Fjågesund, så kan hende dei kjem i gong på nytt? Seinare vart eg oppmoda til å starte med babysong på Misjonshuset. Det høvde bra sidan Agnes Marie var nyfødd på den tida. Etter ein periode gjekk dette over til å bli Raus rasteplass, som var ein møtestad på dagtid for unge foreldre – mest mødrer – og dei små borna. Dette vart lagt ned då dei fleste mødrene tok til i arbeid att. For eit par år sidan tok eg over leiinga av Kviteseid barnegospel saman med Tone Fosse. Vi er dirigentar, båe to. Dagfinn Køhn er med som pianist, og Ellen Rannestad er hjelpeleiar. I tillegg tek eg del i familiearbeidet på Betel, som samlar mange unge familiar.

Du møter vel òg mange foreldre gjennom desse aktivitetane?

Ja, og eg meiner god kontakt mellom foreldre med born i same alder er bra for borna. Eg er også takksam for at så mange

foreldre møter trufast opp når barnegospel skal ut å syngje.

Kan du seie litt om din eigen veg inn i trua?

Mamma og pappa var viktige. Eg har fått lov til å vekse opp i ein tydeleg kristen heim, og eg hadde ein kristen storfamilie rundt meg. I vaksen alder har eg lese at heim og kyrkjelyd skal samarbeide om å gi livsrom for trua, så ho kan vekse. Slik vart det for meg. Men eg har òg vener som ikkje har vakse opp i ein kristen heim, men som seier at dei vart truande på grunn av deltaking i kristent barne- og ungdomsarbeid. Desse livshistoriene gjev meg ekstra inspirasjon til å vere med å fortelje om Jesus til born.

Kva betydde det for deg som barn å vere med i arbeidet i kyrkjelyden?

Trua vart ein naturleg del av livet og røynda. Mange vaksne var med og forkynte, kvar på sitt vis. Eg fekk høyre til i eit fellesskap, fyrst som mottakar, og så litt etter litt fekk eg lov å prøve meg i ulike oppgåver sjølv.

Og no har du eigne born!

Ja, og det er kjekt. Barsedåpen er plutselig blitt kjempeviktig. Dette at born kan ta imot trua som ei gåve – for det er ganske tydeleg at dei ikkje kan prestere noko. Det er godt å få bere dei fram og vite at Gud handlar. Han har lova at dåpen er badet til gjenfødning og fornying. Eg stoler på det. Så kan vi foreldre vere med og føre det nye livet.

Ja, korleis gjer de det?

Vi er heldige som har born som elsker å bli leste for. Det er flott med forteljingar frå barnebibelen og andre kristne bøker. Elles handlar det om å be for og med borna, synge songar og markere høgtider i heimen. Utfordringa er ikkje fyrst og fremst å lære dei "teorien", men å leve i spenninga mellom livet og freden i trua og kvardagslivets kaos og krangling. Elles undrar eg meg stadig over kor mykje born tenkjer og kor gode spørsmål dei kan stille.

Kva gjev det til deg sjølv å formidle evangeliet for borna?

Førebuinga gjev meg mykje. Eg har lyst til at det eg fortel til ungane skal gå gjennom meg sjølv fyrst. Eg liker å formidle, bruke drama, teikningar og forteljingar. Det pedagogiske er ei viktig side, men det skal òg vere førebudd i bøn. Så er det jo ekstra naturleg og gjevande å drive med barnarbeid når eins eigne born er med. Men innimellom er det travelt og eit pes!

Har du nokre hobbyar?

Eg er glad i å gå turar og å lese, samt å drive med små enkle formingsaktivitetar, men i den livsfasen eg er no, blir det ikkje så mykje tid til hobbyar.

Korleis er det med arbeidet som lærar no?

Det er matte og naturfag som er dei viktigaste faga mine. Dessutan er eg rådgjevar. No er eg heimeverande dette

skuleåret og neste. Det er frykteleg kjekt å jobbe. Men å jobbe på Kvitsund er så altoppslukande at nett no er eg ikkje klar for å kombinere det med jobben som mamma til tre.

De har kjøpt hus i bygda. Det er vel eit godt teikn?

Kviteseid er ein god plass å bu i. Det er eit passe stort miljø for borna. Dessutan er det eit godt klima her, og ein fin natur. Oddvar og eg er friluftsmenneske. Vi er veldig glade i å vere ute i naturen.

Eit direkte spørsmål: Er Jesus bra for borna?

Jal! Då eg sjølv var barn, opplevde eg Jesus og trua som noko godt. Det er bra at borna kan vite at dei er villa – at dei er skapte av Gud. Og det er fint at dei kan ha Jesus som ven her i livet. Då har dei nokon å be til, ein som alltid er der. Så er det viktig at dei òg kan ha han som frelsar. Det er noko som strekkjer seg ut over dette livet. Det er eit håp for æva.

Kva med tilgjeving?

Tilgjeving er eit av dei finaste orda eg veit. Etter kvart som borna veks til, får dei oppleve kva vondt samvit er, og kor frie dei blir ved å be om tilgjeving. Og tenk så flott å få formidle til borna kor frigjerande det er å få leve i Guds store tilgjeving. Denne gjeld både for små og store!

KANO



Marianne Gotuholt og Ingar Hovda.



Berit Nilsen



Kristian Bakkan



Gunhild Skoftedalen

Andakt på Lundenjordet

Rundt ein gong i månaden er det andakt på Lundenjordet. Her er det alltid triveleg å kome på besøk. Vi brukar ein fast liturgi med mykje song og musikk, mellom anna "Måne og sol" og "Ver meg nær, å Gud." Etter

andakten er det kaffi og kake, og her går praten livleg.

HNJ

Frå kyrkjegards- arbeidarane

Mange fekk sikkert med seg reportasjen i V.T.B. om kyrkjeportane i Kviteseid. Vi kan bekrefte at dei er levert til Haugerød/Nilsen i Brunkeberg for sandblåsing og lakking. Vi skal gjera alt vi kan for å få montert dei nye portane. Ein stor takk til Hans Kilen for det flotte initiativet.



Frå venstre, Bjørn Tore Kvålseth (han som lakkerte dei) og smeden sjølv, Hans Kilen.

Kviteseid kyrkjegard (gamle del) er svært bratt. Dette kan vera ei utfordring når vi skal legge til rette for ei sikker og verdig gjennomføring av ei gravferd. Den gode og nevenyttige medhjelparen vår, Johannes Karlsen har nå laga ei ramme som kan justerast, og som no er klar til bruk. Patentet visar seg å fungera godt i praksis. Ein stor takk til Johannes for at vi nå kan presentere ein ryddig og fin gravplass også der det er bratt.

Våren er her med mykje aktivitet på og ved kyrkjegardane. Alle har lyst til å ha det fint og ryddig. Det har i lang tid vori lagt til rette for søppelsortering med kompostbinge / restavfallsdunk og kasse for glas / metall. Kompostbingen er stadig full av plast / glas og mykje anna "rask" som ikkje har noko der å gjera. Håpar med denne meldinga at folk tek seg sjølv i nakken og gjer noko med dette. Jan G. Haugen / Andreas M. Stykket



Takk til Andreas

Andreas Midtsund Stykket har vore vikar som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar sidan fyrst i oktober. Han er ein sprek kar med ein fin veremåte, og han har stått på og gjort ein god jobb. I juni sluttar han for å reise i militæret. Vi ønskjer lykke til vidare!

Bilete frå Vrådal bedehus?

Bedehuset i Vrådal fyller 100 år i år, og styret spør om nokon har bilete frå huset i desse åra. Tak gjerne kontakt med Herdis N. Jørgensen på Dalen om du har noko slikt!



Foto: Kjell Arne Norum

Bøn


Hjelp oss å skapa fred

Herre, hjelp oss å skapa fred ved å gje menneske det dei treng for å leva, ved å jamna ut kløfta mellom fattige og rike, ved å løysa konfliktar utan å bruke vald, ved å verna om ditt skaparverk og ta vare på ditt heilage ord. Lat kjærleik og rettferd vella fram blant oss lik bekker som aldri vert tørre.

Bøn for kyrkja

Herre, vekk opp di kyrkje, og ta til med meg!
Herre, gjer din kyrkjelyd levande, og ta til med meg!
Herre, skap fred overalt på jorda, og ta til med meg!
Herre, lat din kjærleik og di sanning koma til alle menneske, og ta til med meg!

Frå Bønebok, Verbum forlag



*I Kristus, nær livet - ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.
(Den norske kyrkja si visjon vedteke av Kyrkjemøtet 2008)*

Døypete

Brunkeberg: Ingrid Lundeberg

Fjågesund: Malene Nordhus
Rønningen (døypt i
Kilen kapell)
Lena Haugestøl Høibø

Vrådal: Mari Straand
Skarprud (busett i
Oslo)

Gravlagde

Kviteseid: Signe Skarprud
Anne Dalen

Vrådal: Gunnhild Andrea Slåkvik



Vigde

Brunkeberg: Unni Eilefsen og Vemund
Reinstaul

Vrådal: Iselin Døli og Morten
Andre Helland



Brunkeberg: Biblar til Syria

Kyrkjelyden i Brunkeberg har fått eit nytt misjonsprosjekt i samarbeid med Det norske bibelselskap. Denne gongen gjeld det å stø det syriske bibelselskapet. Det er mykje vald og naud i dette landet no, og det er mykje forståeleg angst hos dei kristne. Dei har tidlegare vore trygge i landet sitt, rett nok innafor klårt avgrensa rammer. No spør dei seg om det blir plass for dei også i tida som kjem. Å gje tilgang til biblar er eit viktig handslag vi kan gi dei.

Kviteseid: Støtte til Rachel Trovi

Kyrkjelyden i Kviteseid har vald Rachel Trovis stiftelse som sitt nye misjonsprosjekt. Arbeidet hennar i Manila på Filippinane er godt kjend. Den primære målgruppa har frå starten av vore born og einslege mødrer. Sidan har ein utvida målgruppa til gamle og forlatte menneske. Fattigdomen er stor, men det er utruleg kor langt ein kan nå utan altfor mykje pengar. Tre barneheimar, eit krisesenter med

fødestue, fem førskular, syskule, systove, eldresenter og meir til – og no eit nytt sjukehus! Arbeid for fangar i fengsel og for gateborn, sjukepleie på fortauet i slummen, skulemateriell til 25000 born... Og no er Kviteseid med på laget.

Gamlekyrkja i sommar

Som vanleg er det kveldsandaktar i Gamlekyrkja på alle torsdagane i juli kl. 19.30. Dessutan er det høgmesse på olsokdagen, søndag 29. juli, og likeeins to veker etter, 12. august.

Gudstenester i friluft

Denne sommaren vert det tre gudstenester utandørs. Fyrst på det vakre tunet på Sud-Kilen gard 8. juli kl. 13. Så på grasvollen på Undeberge i Fjågesund, der Karin Maria og Hjörtur tek imot oss 22. juli kl. 16. Vi vonar på betre vær i år enn tidlegare – elles er det plass innadørs. Så er det gudsteneste på støylsvollen på Tjønntaul i Morgedal 5. august kl. 12.

Returadresse:
**Kyrkjeblad for
Kviteseid
Kyrjekontoret
3850 Kviteseid**

Gudstenester

JUNI

Sun. 24. 4.s. i treeiningstida Matt 16,24-27
Vrådal kl 11. Jørgensen. Ofr. misjonsprosjektet

JULI

Sun 1. 5.s.i treeiningstida Matt.7,21-29
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Nattverd. Ofr. Blå Kors

Tor 5. Torsdag
Kviteseid Kl 19.30 Kveldsandakt
gml.

Sun 8. 6.s. i treeiningstida Matt. 16,13-20
Sud-Kilen kl 13 (merk tida!) Jørgensen.
gard, Kilen Ofr. kyrkjelydsarbeidet.

Tor 12. Torsdag
Kviteseid Kl 19.30 Kveldsandakt
gml.

Sun 15. 7.s. i treeiningstida Luk. 19,1-10
Vrådal kl.11. Sindre Løvik. Nattverd.
Ofr. Kirkens SOS.

Tor 19. Torsdag
Kviteseid Kl 19.30 Kveldsandakt
gml.

Sun 22. 8.s. i treeiningstida Mark. 12,37b-44
Brunkeberg kl. 11. Valle. Nattverd. Ofr. Kvitsund gymnas.
Undeberge kl 16. Valle. Friluftsgudst.
i Fjågesund Ofr. Sjømannskirken

Tor 26. Torsdag
Kviteseid Kl 19.30 Kveldsandakt
gml.

Sun 29. Olsøk Luk 9,23-26
Kviteseid kl 11. Valle. Ofr. IKO
gml.

AUGUST

Sun 5. 10.s. i treeiningstida Matt 18,21-35
Tjøninstaul kl 12. Valle. Friluftsgudsteneste. Ofr.KIA.
i Morgedal
Vrådal kl 18-20. Båtgudsteneste om bord på FRAM.
Valle. Ofr. Normisjon

Sun 12. 11.s.i treeiningstida Mark.2,23-28
Kviteseid kl 11. Valle. Dåp og nattverd.
gml. Ofr. Dei fire diakonist.

Sun 19. 12.s.i treeiningstida Luk.8,1-3
Kilen kapell kl 11. Jørgensen. Kilenstemne. Nattverd.
Ofr. Normisjon.

Sun 26. 13.s. i treeiningstida Luk.12,41-48
Vrådal kl 11. Valle. Nattverd. Ofr. Sjømannskirken.
Kviteseid kl 18. Valle. Ofr. Russeprosjektet

SEPTEMBER

Sun 2. 14.s. i treeiningstida Luk. 17,7-10
Fjågesund kl 11. Jørgensen. Ofr. Rachel Trovis Stf.

Sun 9. 15.s i treeiningstida Luk. 10,38-42
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd. Kviteseid kyrkjekor.
Ofr. NKSS

Sun 16. 16.s. i treeiningstida Matt. 5,10-12
Brunkeberg kl 11. Valle. Nattverd. Ofr. Normisjon

Sun 23. 17.s. i treeiningstida Luk. 7,11-17
Vrådal kl 11. Jørgensen. Familiegudsteneste.
Unge Røyster. Ofr. kyrkjelydsarb.

Sun 30. 18.s. i treeiningstida Matt.8,5-13
Kviteseid kl 11. Valle. Familiegudsteneste.
Kviteseid Barnegospel.
Ofr. misjonsprosjektet.